

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 9. desember 2013

Møtestad: Rådhuset kl. 15.15

Møtet vart leia av: Jon Kåre Løvoll

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad, Turid Aspehjell, Olav Løvoll og Arild Nærø

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt som vart behandla.

SAK 23/13

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 15. OKTOBER 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 15. oktober 2013 blir godkjent.

SAK 24/13

TOMTEDELING I NORDDAL KOMMUNE

Saksdokument datert 03.12.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Norddal kommunestyre opphevar formannskapet sitt vedtak av 12.07.2013 og ber formannskapet om å treffen eit nytt, grunngitt vedtak i saka.

2. Kommunestyret ber administrasjonen om å legge fram forslag til regelverk for tildeling og sal av tomter med utgriking av korleis retningslinene skal brukast.

SAK 25/13

BREV FRÅ ELSA N. OG LARS SELBOSKAR DATERT 14. SEPTEMBER 2013

Saksdokument datert 03.12.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.
Saka er ikkje ferdigbehandla i kommunen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir om nødvendig å kome tilbake til ved eit seinare høve.

SAK 26/13

VEDKOMANDE MYKLEBUST VASSVERK – EVENTUELL NY AVTALE

Saksdokument datert 03.12.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.
Saka er ikkje ferdigbehandla i kommunen.

Arild Nærø stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Kontrollutvalet føretok voting i habilitetsspørsmålet og det vart fatta eit samrøystes vedtak om at Arild Nærø var inhabil.

Kontrollutvalet sitt samroystes vedtak:

Saka blir utsett.

SAK 27/13

MULIGE SAKER TIL SEINARE BEHANDLING

Arild Nærø tok sete på nytt.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Tema relatert til etikkreglementet blir ikkje arbeidd vidare med på noverande tidspunkt.
2. Handtering av dokument etter Offentleglova blir ikkje prioritert på noverande tidspunkt.
3. Tema relatert til kommunen si handtering av plan-og bygningslova blir teke opp til nærmare vurdering i neste møte.

SAK 28/13

REKRUTTERING I LEIARSTILLINGAR (Saka kom opp under eventuelt)

Til kontrollutvalet har det kome innspel på tilsettingsregelverket og tilsettingar av nøkkelpersonell i Norddal kommune. Det vart reist spørsmål om dagens ordning med administrativ tilsetting burde bli evaluert og få ei vurdering av administrasjonsutvalet (Partsamansett utval) som tilsettingsorgan samt utvalet si rolle pr. i dag.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalsekretariatet blir bedt om å undersøkje kva sakstypar og aktivitet som er i administrasjonsutvalet (Partsamansett utval) til neste møte. Vidare blir kontrollutvalsekretariatet bedt om å finne ut kva fullmakter dette utvalet har.

Jon Kåre Løvoll leiар (sign.)	Solveig Linge Stakkestad nestleiар (sign.)	Turid Aspehjell medlem (sign.)	Olav Løvoll medlem (sign.)
-------------------------------------	--	--------------------------------------	----------------------------------

Arild Nærø
medlem
(sign.)